

www.voss.kyrkja.no

Nr 1 | 2025 | 84. årg

KYRKJENYTT

for Vossabygdene



PÅSKEFEIRING I
VANGSKYRKJA

5

PÅSKE-
KONKURRANSE

6

«VELKOMMEN
HJEM»

9

DE HISTORISKE

DÅP,
KONFIRMASJON,
BRYLLUP,
MERKEDAGER OG
SMÅ OG STORE
SELSKAP
T: 56 52 05 00

Asta, Fredrik,
Signe og Marie
Fleischer

**DET ER NOE
MED FLEISCHER'S**

Hit kom de, prinser og prinsesser, konger og dronninger, fyrster og keisere. Til Voss. Til sin forbauselse ankom de så et hotell med en forunderlig velkjent atmosfære av fornemme, kontinentale vaner, av dannet gjestfrihet.

**MED TRADISJON
FOR STORSLAGNE
BEGIVENHETER**

**FLEISCHER'S
HOTEL**
ANNO
1864

56 52 05 00 hotel@fleischers.no fleischers.no

Voss kyrkjelege fellesråd:

Fellesrådsleiar: Linda Utne Tvinde

Tlf 401 02 129

Kyrkjevevje Svein Tøsse

Tlf 959 79 905. E-post: st545@kyrkja.no

Kateket Rønnaug Eng Skjeldal

Tlf 952 62 025. E-post: rs625@kyrkja.no

Kyrkjelydspedagog Camilla M. Velsvik

Tlf 995 18 194. E-post: cs222@kyrkja.no

Trusopplæringsmedarbeidar

Åshild Bø Kharazmi

Tlf 952 98 681. E-post: ak649@kyrkja.no

Øyvind Lennart Pedersen

E-post: op753@kyrkja.no

Diakon Sigrid Djukastein Mala

Tlf 478 49 134. E-post: sm435@kyrkja.no

Diakonimedarbeidar Anja Slåtten

Tlf 417 04 958. E-post: as257@kyrkja.no

Organist Gohar Marandyan

Tlf 482 26 390. E-post: gm282@kyrkja.no

Organist Frode Vik

Tlf 952 62 084.

Organist Ellen Marie Selland Geithung

Tlf 980 64 594.

Organist Edyta Bryk

Tlf 954 30 695.

Kyrkjetenar på Bolstad Anny Forthun

Tlf 481 36 520.

Kyrkjetenar på Evanger

Kyrkjetenar på Voss Thomas Velsvik

Tlf 414 75 383.

Kyrkjetenar i Granvin Ingvild Baartvedt

Tlf 468 98 970.

Kyrkjetenar på Oppheim og Vinje

Trond Olav Neteland

Tlf 957 02 327.

Kyrkjetenar i Raundalen Nils Lid

Tlf 901 36 496.

Oppsynsmann for kyrkjegardane Hege Ukvitne

Tlf 918 74 201.

Kontormedarbeidarar Idunn Holen og

Lene Brunborg.

Soknerådsleiarar:

Evanger: Anny Forthun

Tlf 481 36 520.

Voss: Randi Kløve

Tlf 952 06 177.

Oppheim: Heidi Hisdal

Tlf 992 54 932.

Vinje: Rigmor Ulvund

Tlf 990 33 293.

Raundalen: Nanna Nordahl

Tlf 917 58 826.

Granvin: Sigvor Melve Schrey

Tlf 911 32 608.

Prestetenesta:

Prost i Hardanger og Voss Arild Hellesøy

Tlf 906 99 533. E-post: ah539@kyrkja.no

Sokneprest i Voss Hans-Christian Küspert

Tlf 954 50 572. E-post: hk782@kyrkja.no

Sokneprest i Evanger og Bolstad

Frode Kvamsøe

Tlf 901 96 514. E-post: fk796@kyrkja.no

Sokneprest i Granvin og Ulvik

Anne Marthe Ulvik

Tlf 924 35 096. E-post: au237@kyrkja.no

Ungdomsprest Vetle Leksbo

Tlf 947 93 477. E-post: vl555@kyrkja.no

Kyrkjekontoret på Voss:

Opningstider: Måndag-fredag 09-15
(onsdag 12-15)

Telefontider: Måndag-fredag 10-14
Onsdag 12-14

Besøksadresse: Uttrågata 5

Postadresse: Voss kyrkjelege fellesråd,
PB 49, 5701 Voss

Telefon: 56 52 38 80

E-post: post.voss@kyrkja.no

Kontonr: 3480.16.45293

www.voss.kyrkja.no

Informasjon om gudstenester, trusopp-
læringsstiltak, påmelding til dåp og mykje
anna finn du på **www.voss.kyrkja.no**

Kyrkja på Voss er på Facebook. Følg oss!!



Skann meg!

Bruk ein mobiltelefon
og skann denne qr-
koden enten med ein
qr-app eller via kamera
(Apple-produkter).

Gravplass i Voss

Gravplassadministrasjonen i Voss herad

har kontor i Uttrågata 5 (Kyrkjjetunet),
tlf 56 52 38 80.

Gravplassforvaltar
er Svein Tøsse.



Om Kyrkjentytt:

Kyrkjentytt vert utgjeve av Voss kyrkjelege
fellesråd saman med sokneråda i Evanger
og Bolstad, Voss, Raundalen, Oppheim,
Vinje og Granvin.

I redaksjonsnemnda sit: Bjørg Helland,
Ellen Iren Johansen Århus, Heidi Hisdal,
Jan Ivar Rødland, Margunn Mørkve og
Knut Skiple.

Redaktør: Jorunn Våle Tonckens
Tlf 905 82 101.

E-post: jv763@kyrkja.no

Grafisk produksjon: Wenche Horvei

Trykkeri: Molvik Grafisk AS

Opplag: 7300 eksemplar

Kyrkjentytt for Vossabygdene kjem
ut som fulldistribusjon. Det tyder at
det vert lagt i postkassene til alle
husstandar i Voss herad.

**Neste nummer kjem
i starten av juni.
Frist for melding om stoff er
onsdag 14. mai.**




Foto: Pixabay

Den tomme krossen

Andakt av biskop Ragnhild Jepsen

Når kyrkjeklokkene ringer påskehøgtida inn påske-aftan, gjev dei vitnemål om at kyrkjesusa er berarar av historie og kontinuitet i bygdene og byane våre. Til saman dannar dei ei lenke som bind oss til kvarandre. Det er som dei syng oss saman.

I vårt bispedøme er vi medvitne om ei tusenårig historie med lag på lag av menneskets tru og tilbeding. Steinane og veggane i kyrkjesusa er levande fordi dei har teke imot smerte og lidning, glede, kjærleik og sorg frå dei som har vore her før oss. Dei speglar guds-lengt og gudsnaervær.

Det paradoksale er at dei også gjev rom for å synleggjere gudsfråvær.

Det sterkaste symbolet i kyrkjerommet vil alltid vere krossen. Symbolinnhaldet i krossen er fleirtydig. Den er eit dødsinstrument. Den er teiknet på oppstoda, og den er uttrykk for sameininga mellom Gud og menneske i Jesus Kristus. Krossen, slik vi kjenner den, vil alltid vere knytt saman med påskens bodskap: Jesu lidingssoge, hans død og oppstode.

I påskeforteljinga sine dramatiske døgn er det også ei tid då verda ikkje har nokon gud. Frelsaren er i denne timen død. I kyrkjekunsten kjem det til uttrykk i motivet som skildrar korleis Jesu døde kropp vert teken ned frå krossen. Eit likklede vert strekt mellom krossarmane. Mannen som sa at han var gud, viser seg å vere av kjøt og blod som resten av oss. Og sjølv om vi som ser motivet også veit at berre om nokre få dagar, på påskemorgon, skal kristne over heile verda jublande syng «Kristus er oppstaden», er det som om vi enno ei tid må leve med eit opent

spørsmål utan eit sjølv sagt svar. Kva vil skje med oss? Kan verkeleg livet sigre over døden?

Verdas angst og menneskets oppleving av det meningslause, av gudsfråværet, må også ha sin stad. For viss vi ikkje torer å setje ord på at det er slik, kan vi heller ikkje tale truverdige om at Gud som lir og døyr langfredag, deler alle menneskes langfredagar. Og at oppstoda si glede og livskraft ein dag skal bli alle menneskes glede og livskraft.

Vi treng bodskapen om håpet og om den tomme grava. Vi treng det i vår del av verda, vi treng det over heile verda. Vi treng det no! For verda er råka av krefter som vil vondt. Det er vanskeleg å ta inn over seg den mengda av frykt og død vi ser omkring oss, nær oss og langt borte. Framfor denne påskehøgtida kjenner vi det igjen, og vi må ta det inn over oss.

I påsken feirar vi at lyset vinn over mørket. Og at vi skal få leve i det lyset. Det er ikkje lovnad om eit liv der alt er godt og smerta ikkje skal vere. Livet har lært oss at dagane kan vere mørke og sorga kjennes som ei klo i bringa som aldri slepp taket.

Men dei kreftene Jesus tek oppgjør med i gravkammerets rom, dei skal ikkje ta overhand. Dei skal ikkje sigre. For Livet og Håpet er sterkare!

*Døden må vike for Gudsrikets krefter!
Livet er gjemt i et jordekket frø.
Se, i oppstandelsens tegn skal vi leve.
Se, i oppstandelsens lys skal vi dø.*

(Svein Ellingsen, Norsk salmebok nr 209)

Påskesalme

Han er oppstaden, dyre ord!
For all vår synd er soning gjord,
no er Guds himmelen er open.
Min Jesus sigr då han braut
dei piler døden mot meg skaut,
og knuste mørkheims våpen.
Å røyst, mi trøyst!
Sjå, med siger
fram han stiger.
Bøtt er skaden.
Han var død, men er oppstaden!

Denne påskesalmen er skriven av den danske salmediktaren Birgitte Cathrine Boye i 1778.

Her hjå oss i Noreg er B. C. Boye mest kjend som «kvinna med høgtids-versa». Vi har tre salmar av henne i Norsk Salmebok 2013: I dag er fødd ein frelsar stor (nr. 41), påskesalmen Han er oppstaden, dyre ord! (nr. 193) og pinsesalmen Du loge av Guds kjærleikseld (nr. 228). Alle salmane er omsett til nynorsk av Elias Blix.

Det er noko ekstra fortrøystingsfullt

over salmen Han er oppstanden, dyre ord! Den er full av sigerstonar og oppstodehåp. Mørkerets makter er avvæpna. Jesus har overvunne døden og eg har fått del i hans siger.

Det er verkeleg grunn til å jubla over påska sin bodskap. Fleire kjelder oppgjev at det er Rom 4, 25 som dannar bakgrunnen for salmeteksten. Vi tek med vers 23-25 i sitatet:

«Men det var ikkje berre for hans skuld dette vart skrive om han. Det gjeld oss òg. Vi skal reknast som rettfærdige når vi trur på han som reiste Jesus, vår Herre, opp frå dei døde, han som vart overgjeven til døden for våre synder og oppreist for at vi skulle bli rettfærdige.»

Birgitte Boye har klart å foreina det gamle og det nye på ein slik måte at salmen verkar aktuell også i dag. Den framstår som eit meisterverk der det personlege aspektet er ramma inn av påsken sin sigerrike bodskap: «Han var død, men er oppstaden.»

Kjelde: www.salmebloggen.no

Påska i ord og tonar

«Påska i ord og tonar» er no vorte ein fast tradisjon **langfredag i Vinje kyrkje.**

Kl. 20.00 kan du få oppleve og ta del sjølv, i tekstar, instrumentalmusikk, korsong og salmesong som tek oss gjennom påskeveka frå palmesundag til påskedag.

Markus Istad Lirhus er solist på akustisk gitar, og songkoret Strendingen deltek med song.

De er varmt velkomne til ei fin stund i kyrkja!

BØN

Lat meg
få vere under dine hender, Herre!
Dine naglemerka hender.
Hender som vernar
og varmar.
Hender som tek vare på
og skaper nytt.
Hender som reiser opp
og gir kraft.
Herre, lat meg
alltid få
vere under dine hender
når alle andre slepp taket.

Tekst og foto: Hildebjørg Djupvik



Foto: Pixabay

Skjærtorsdag

Skjærtorsdag vert innleia med påskemåltid i Vonheim kl. 17.30. Her får ein smake seg gjennom det opphavelige påskemåltidet. Dette er eit pedagogisk opplegg som er godt eigna for familiar med barn i alle aldrar, men alle er varmt velkomne. Påmelding til Kyrjekontoret på post.voss@kyrkja.no eller telefon: 56 52 38 80 innan 15. april kl. 15.00. Ved påmelding oppgje namn, telefonnummer og antal barn og vaksne.

Etter dette måltidet går me saman bort til nattverdsgudsteneste i Vangskyrkja kl. 19.00. Dette blir ei litt kortare gudsteneste, med ei spesiell avslutning. Etter nattverden blir det lese eit utdrag der me følger Jesus til Getsemanehagen. Alteret blir dekt av, alterlysa blir sløkte, og lysa i kyrkja elles blir òg sløkte. Så blir alterlys, blomstrar, nattverdsutstyr og alt anna på alteret bore ut, før alteret blir dekt til av eit svart klede. Til utsending seier liturgen «Timen er komen. Menneskesonen skal gjevast over i syndarhender. Stå opp, lat oss gå!», og me går ut i natta. Det er mogleg å vere med på både måltidet og gudstenesta, eller berre ein av delane.

Langfredag

Langfredag kl. 11.00 finn me kyrkja slik me forlét den kvelden før, med alteret tildekt og lysa sløkte. Gudstenesta er veldig annleis enn elles, med lite liturgi, og mykje musikk. I staden for tre ulike tekstar, blir lidingshistoria lesen, med musikk mellom tekstdelane før det blir ei kort preike.

Etter preika har me ein krossmeditasjon, der krossen blir boren inn, før den blir sett i koropninga. Så blir det spelt musikk og folk kan meditere over Jesu offer på korset, anten i benkeradene, eller ved å komme fram og knele ved krossen. Etter ei forbøn blir gudstenesta avslutta. Både skjærtorsdag og langfredag blir velsigninga utelaten i slutten. Dette blir gjort for å marker samanhengen mellom dei tre gudstenestene, skjærtorsdag, langfredag og påskedag, slik at dei kan sjåast på som ei lang gudsteneste som strekkjer seg over tre dagar, snarare enn tre separate seremoniar.

1. påskedag

1. påskedag kl. 11.00 byrjar òg i mørket, men no går me frå mørket og til ljuset: Alteret skal dekkjast igjen, lysa tennast og gloria, lovsongen, skal syngast for første gong sidan fastelavns søndag, for no er Jesus stått opp frå dei døde! Han har vunne over død og vondskap og kjem til oss med ljus, liv og håp. Her vert det òg dåp og nattverd.


2. påskedag

2. påskedag fortset påskefesten med ungdomsgudsteneste kl. 19.00 der det blir dåp av konfirmantar.

Velkomen til påskefeiring i Vangskyrkja!

Vetle Leksbø
– ungdomsprest/kapellan





PÅSKEKONKURRANSE!

Har du lagt merke til at nokre små påskekyllingar har gøymt seg rundt om i bladet? Kor mange påskekyllingar finn du i heile bladet? (Ta med dei du finn på denne sida også!)

Svaret kan du senda på e-post til jv763@kyrkja.no eller som sms til 905 82 101.

Hugs namnet til den som svarar og kor mange kyllingar du fann.

Konkurransen er både for born og vaksne.

Alle som svarar rett er med i trekninga på ein premie som smakar godt.

Me trekkjer ein vinnaren måndag 14. april.

Vinnaren vert kontakta og namnet kjem i neste Kyrkjennytt.

Kyrkjestatistikk 2024

Sokn	Døpte	Konfirmerte	Vigde	Gravlagde
Evanger og Bolstad	2 (3)	3 (6)	0 (3)	6 (7)
Granvin	7 (4)	2 (4)	2 (3)	13 (9)
Raundalen	1 (2)	3 (3)	0 (0)	1 (1)
Oppheim	6 (9)	5 (7)	1 (0)	8 (3)
Vinje	4 (3)	10 (5)	0 (2)	7 (11)
Voss	102 (117)	112 (120)	26 (32)	121 (105)
Totalt	122 (138)	135 (145)	29 (40)	156 (136)

Tala i parentes gjeld 2023.

GJE VATN TIL DEI SOM TRENG DET MEST

Nesten 800 millionar menneske lever framleis utan tilgang til reint vatn i verda i dag, på grunn av tørke, flaum, jordskjelv eller krig.

Støtt Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon og gje vatn til dei som treng det mest!

VIPPS til 2426



KIRKENS NØDHJELP
actalliance

Håp i ein dråpe vatn

Fasteaksjonen 2025



Konfirmantane i Voss herad har ein lang tradisjon med å samla inn pengar til Kirkens Nødhjelp sin Fasteaksjon. I løpet av åra har fleire tusen menneske fått varig tilgang til reint vatn.

**Årets aksjonsdagar er
06.-08. april 2025.
Evanger og Bolstad
måndag 7. april.
Vossestrand, Voss og
Granvin 8. april.**

Nesten 800 millionar menneske lever utan tilgang til reint vatn i verda i dag pga. jordskjelv, tørke, flaum, krig eller konflikt, men det er håp. Kirkens Nødhjelp jobbar med akutt bistand i katastrofar og med langsiktige prosjekter for å redusera naud og fattigdom i verda. Dei jobbar for fred og rettferd, og for å redde liv.

Gjennom fasteaksjonen samlar vi inn pengar til dette livsviktige arbeidet, med særleg fokus på tilgang til reint vatn og dei enorme ringverknadane det skapar for enkeltmenneske og lokalsamfunn. Reint vatn reddar liv.

Aksjonen vert gjennomført på to ulike måtar i år. I Vinje, Oppheim, Evanger og Bolstad sokn går konfirmantane rundt med bøsser til dei husa dei når over. På Voss, i Raundalen og i Granvin vert aksjonen digital. Det tyder at alle som ynskjer å gje til fasteaksjonen gjer dette på ein av måtane me har lista opp her:



Ved hjelp av ganske små dropar vatn og dryppirrigasjon kan det veksa planter. Previncia fyller vatn i bøtter, og vatnet vert ført ut gjennom vasslangar til plantene.



DU KAN:

- gje kontantar i bøssene når konfirmantane kjem rundt. Dette gjeld berre Vinje, Oppheim, Evanger og Bolstad sokn.
- bruke konto nr. 1594 22 87493
- senda SMS: VANN til 2426 (300 kr)
- VIPPS valfritt beløp til 2426 (Fram til 22. april vert all VIPPS til dette nummeret registrert på soknet ein bur i.)

Du kan lese meir om Fasteaksjonen på www.fasteaksjonen.no.



Saksofongruppa til 4.klasse på Vossestrand barneskule med leiar Eystein Kvam.

Foto: Kjell Herheim

Utdeling av midlar frå «Gudrun og Lars Kjønnegaards stiftelse»

Sundag 23. februar vart det halde konsert i Oppheimskyrkja i samband med den årlege utdelinga av midlar frå stiftinga etter Gudrun og Lars Kjønnegaard.

Tekst: J. O. Thaule og K. Herheim

I år var det lokale krefter frå Vossestrand, samordna av Åshild Giljarhus og Ellen Marie Selland Geithung, som underheldt. Her var spel på hardingfele, piano-spel, toradarar, saksofonar, akkordeon, vokalsong, og korsong. Det var mest born og unge som deltok, men og vaksne. Det var kjekt både å sjå og høyra desse små som fylte kyrkja med song og musikk. Avslutninga var feiande flott trekkspelmusikk med Strandabelgjen, det var like før det vart dans i kyrkja!

Etterpå var det penge-gåveutdelingar frå stiftinga sine føremål: Eldreomsorg, kyrkja og song og musikk.

I år samla på heile 150.000 kroner, 20.000 kr meir enn i fjor. Desse fekk tildeling i år: Vossestrand Pensjonistlag, Vossestrand Omsorgstun, Oppheim og Vinje sokneråd, Songlaget Strendingen, Voss Spelemannslag og Moggalis Vocal. Sokneråda hadde søkt om støtte til konfirmantleir, Fredagsklubben, musikk-honorar og til prosjektor i Oppheim kyrkje og fekk 60.000 kr.

Stiftinga til gode føremål på Vossestrand rår no over ein kapital på over 12 millonar som står til god rente i Voss Sparebank, dessutan stør og banken stiftinga med ekstra midlar kvart år.

Samla er dette såleis eit



Representantar for laga som fekk gåver saman med deler av styret for stiftinga.

Foto: Kjell Herheim

svært godt samarbeid. Styret er for tida: John Ove Thaule (leiar), Reidun Katrine Devik,

Oddbjørn Bratthole og Kjell Herheim.

Velkommen hjem

Spennende

Familieforestillinger!

+ mat prat lek og moro

GRATIS!



Tverrkyrkjeleg storsatsing på Voss

Veka rett over påske skjer noko spanande i bygda vår. Salt, Nainkyrkja, Frelsesarmeen, Voss KFUK/KFUM og Voss sokn inviterer til «Velkommen hjem» på Prestegardslandet.

Tekst: Vetle Leksbø

Her blir det sirkustelt, hoppeslott, mat, mykje kjekt for både barn, ungdom og vaksne, og kreativ formidling av den kristne trua. Helga 26.-27. april blir det fire familieforestillinger. Vekedagane før blir det fleire arrangement:

- Onsdag:** Supertysdag blir til ein SuperONSDAG med opplegg for familiar.
- Torsdag:** Ungdomskveld med KRIK-aktivitetar som Ultimate Frisbee, samt brettspel, Open Scene og gratis pizza.
- Fredag:** Tweens-opplegg med mykje kjekt.
- Laurdag og søndag:** Hovudarrangementa skjer i helga med to familieførestillingar på laurdagen og to på sundagen. I Voss sokn har me ikkje gudsteneste denne sundagen, men deltek i staden i teltet.

Her er det organisasjonen «Velkommen hjem» skriv om seg sjølve:

Me vil presentera Jesus for familiar, som sjeldan eller aldri høyrer om han i kvardagen, på en trygg, enkel og kreativ måte.

Me vil utfordra desse familiane til å invitera Jesus til sine heimar, og modellera på ein enkel og konkret måte korleis det kan sjå ut i kvardagen. Difor har me kalla aksjonen «Velkommen hjem».

Me vil setja familiar, som ønsker det, i kontakt med lokale kristne som kan hjelpa dei vidare.

Tru på heimebane har lenge vore eit viktig tema internt i dei

ulike kyrkjesamfunna. Målet er å oppmuntra og utrusta for-eldre, besteforeldre og andre vaksne kristne, som har barn og unge i livet sitt, til å dela tru i kvardagen og til å vegleia sine egne barn og unge til ein nær relasjon med Jesus. Den lokale kyrkjelyden er heimen sin beste partner for å nå dette målet.

Men kva med familiar i Noreg som ikkje er aktive i ein lokal kyrkjelyd eller som ikkje tenkjer at ein relasjon til Jesus er aktuelt eller som ikkje tenker på Jesus i det hele tatt?

Visjonen til «Velkommen hjem» vart fødd på bakgrunn av dette spørsmålet. Me ønskte å skapa eit fint og avslappa møtepunkt mellom lokale kristne i bygder og byar i Noreg og familiar som ikkje tenkjer så mykje på Jesus.

Me ønskte å skapa ei spanande oppleving der Jesus blir presentert via bibelhistorieforteljing med ein klar appell om å invitera Jesus med seg heim. Me kunne i tillegg tenkja oss å modellera korleis det reint praktisk kan sjå ut dersom Jesus får bu heime hjå oss - og det på ein kreativ og inspirerende måte.

«Velkommen hjem» lagar me saman. Det er mykje praktisk som må på plass for å få dette til. Mellom anna skal det riggast eit stort telt, og me treng nokon som kan vere til stades som trygge vaksne på ulike tidspunkt i løpet av veka. Høyrest dette ut som noko du har lyst til å bidra med? Ta kontakt med Vetle Leksbø, tlf: 947 93 477 eller e-post: vl555@kyrkja.no.

Ver gjerne med å be for arrangementet og alle førebuingane.

T-dagar i kyrkjene våre

T-DAG

Desse sidene er avsett til T-dagane i Voss. T-dagar står for trusopplæringsdagar. Målet er at alle døpte i Den norske kyrkja skal bli inviterte til ein T-dag i kyrkja sin regi minst ein gong i året fram til dei fyller 18 år.

På desse sidene vil de finna reportasjer frå det som har skjedd på T-dagane, oppgåver og konkurransar.

Kyrkjeleg undervising og læring

Under Kirkemøtet i 2024 vart det vedteke at Trusopplæringa skal endrast frå 01.01.25. Det vert nye planar, og det skal ikkje lenger kallast "Trusopplæring", men "Kyrkjeleg undervising og læring". Det er allereie kome ut ein ny overordna del for planen, og det vert arbeida med å lage rammeplanar for ulike målgrupper (kjem i 2026). Inntil vidare så vil me her på Voss halde på T-dagane, men også evaluere, sjå framover og gjere eventuelle endringar. Målet er å få eit meir heilskapleg syn på kyrkja sitt arbeid. Kanskje vert noko endra, men då til noko betre. Me ynskjer svært gjerne tilbakemeldingar på kva de synes fungerer/ ikkje fungerer.

Her finn de den overordna delen av den nye planen:



LYS VAKEN

I jolenummeret fortalde me om "Lys vaken" i Vangskyrkja. Sidan den gong har det vore Lys vaken både på Vossestrand og på Evanger. Det er kjekt å sjå borna lære om kyrkja. Kjekt å vera i lag med dei og snakke om undring og tru. Ein av mange ting me gjer er å lære om lystenning. La dei få kjenne at å gjere slike fysiske ting kan hjelpe både i sorg og glede. Me både lærer og leikar, me ber og me ler. Dette er ein kveld der born får vere born og får utforske og lære.


Oppheim og Vinje sokn



Evanger og Bolstad sokn



T₁ T₂ T₃ T₄ T₅ T₆ T₇ T₈ T₉ T₁₀ T₁₁ T₁₂ T₁₃ T₁₄ T₁₅ T₁₆ T₁₇ T₁₈



Undretur, utdeling av barnebibel og jolekrybbeverkstad

Både i Granvin kyrkje og på Bolstadøyri bedehus var det før jul T3 Undretur, T4 Utdeling av Barnebibel og T5 Jolekrybbeverkstad. Det er veldig kjekt å sjå borna i kyrkjene. Det er viktig å ta borna med på trusopplæringa. At borna får oppleve kyrkjene og trua på sitt nivå. "Lat småborna koma til meg", sa Jesus. Det viser at det er viktig å starte tidleg. Og det ser me som jobbar med born og unge i kyrkja. Dei som tar borna sine med til kyrkja når dei enno er små, får eit heilt anna forhold til den enn dei som er der sjeldnare. Det er sjølvstøtt mange faktorar som spelar inn, men me oppmodar dykk til å ta borna med i kyrkja. Og bli gjerne med sjølve og.

Granvin sokn



Evanger og Bolstad sokn



T1 T2 T3 T4 T5 T6 T7 T8 T9 T10 T11 T12 T13 T14 T15 T16 T17 T18



Jolekrybbeverkstad

Jolekrybbeverkstaden er ein av dei mest populære T-dagane. Me høyrer joleevangeliet, lagar krybber og leikar oss gjennom den første jola. For oss som jobbar med T-dagane så er dette ein skikkeleg koseleg joletradisjon. Særleg kjekt er det når konfirmantane kjem og seier at dei har jolekrybba si framleis, og tek den fram kvar advent.



Voss sokn



Oppheim og Vinje sokn



Babysong, Oppheim og Vinje sokn



På Oppheim har det vore babysong i kyrkjestova kvar torsdag i 6 veker på nyåret. Med mykje song etterfulgt av ei lita matøkt. I vår har 10 born og mødrene deira vore inno. Siste samling tok me på Omsorgstunet, til stor glede for både små og store.

T1 T2 T3 T4 T5 T6 T7 T8 T9 T10 T11 T12 T13 T14 T15 T16 T17 T18


“Kristuskransen”

Nokon gonger er me lei oss, andre gonger er me **glade**. Nokon gonger vil me vere åleine, andre gonger er det godt å vere **saman**. Det er godt både å få trøyst og å vere den som **trøystar**. Alt dette er sjølve **livet**.

Denne T-dagen er ei stemningsfull kveldsvandring i kyrkja. Me samla **perler** som til saman vert **livets krans**, også kalla Kristuskransen.

Til slutt kosar me oss med **pizzabollar** og saft.

Voss og Rundalen sokn



Evanger og Bolstad sokn




T1 T2 T3 T4 T5 T6 T7 T8 T9 T10 T11 T12 T13 T14 T15 T16 T17 T18



Barnas

Prikk til prikk

Teikn ein strek frå 1 til 2 og så vidare. Kva gøymer seg her?




Vits:

Har du høyrte om klovn som slutta i jobben fordi alle lo av han?

Fargelegg!

Hugsar du bibelforteljinga om då Peter ville prøve å gå på vatnet slik som Jesus? Fargelegg biletet av Peter som går på vatnet.



Teikning: Chiara Bertelli

Finn 10 gutenamn

I rutenettet gøymer det seg 10 gutenamn. Leit bortover og nedover. Klarar du å finne alle?

Y	J	M	Q	X	R	X	E	E	E
O	E	O	E	H	U	T	G	H	O
R	I	R	D	A	B	Z	I	A	K
U	S	T	O	V	E	P	L	S	R
M	A	E	Z	O	N	U	F	L	I
G	K	N	Q	F	U	O	I	A	S
R	N	O	A	H	Y	L	L	K	T
K	Å	R	E	U	Q	A	L	Y	I
G	D	H	G	K	K	V	I	X	A
G	U	W	G	Q	X	Z	P	W	N



Gi bladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00

Vits:

Ei bekymra snigelmor til barna sine: – Ikkje løp over vegen! Om tre timer kjem bussen!



Søndagsskolen – mer enn du tror

T1 T2 T3 T4 T5 T6 T7 T8 T9 T10 T11 T12 T13 T14 T15 T16 T17 T18

Dåpskjolar til utlån

Kyrkjekontoret for Voss har to nydelege dåpskjolar som me låner ut til dåpsseremoniar i kyrkja, for dei som ynskjer det og ikkje har kjole sjølv. Me har både rosa og blått band og fleire huer.

Tilbodet er gratis!



Dersom de ynskjer å låna dåpskjole, kan de kontakta oss på e-post post.voss@kyrkja.no eller tlf. 56 52 38 80.

Kjolen kan prøvast på kyrkjekontoret, og utlånet gjeld på sjølve seremonien i kyrkja. Me tek oss av klargjering i forkant og vask/rens i etterkant.

Meir informasjon om dåp finn de på nettsida vår: www.voss.kyrkja.no/Dåp-konfirmasjon-vigsel-gravferd/Dåp.

Velkomne til dåp!

KONFIRMAN*

Konfirmasjon i 2026

Skal du konfirmerast i 2026? Kjenner du ein ungdom som skal konfirmerast i 2026?

I overgangen april – mai sender me ut informasjon om korleis ein melder seg på til konfirmasjonsundervisninga og kva konfirmanttida inneheld. Brev vert sendt i posten til alle me har på medlemslistene våre. Denne informasjonen vil me òg legge på nettsida vår, slik at alle kan finne den.

Hovudfristen for påmelding er i starten av juni, men det går an å melde seg seinare også. Ved sein påmelding er det ikkje mogeleg å velge mellom så mange konfirmantgrupper som det er før fristen.

TAKK

Hjarteleg takk for minnegåva som vart gjeve til det diakonale arbeidet i kyrkjelyden i høve **Marta Haukanes Krempig** si bisetjing.

Kyrkja i Voss

VOK startar opp att



Voss Kantori har starta opp att med vår nye organist, Gohar Marandyan, som dirigent.

Kyrkja sitt vaksenkor spelar ei viktig rolle i gudstenesta. Det er med på å skapa ein atmosfære av bøn og ettertanke.

Repertoaret vil vanlegvis innehalda tradisjonelle kyrkjesalmar og klassisk musikk som prisar Gud.

Koret er for kvinner og menn i alle aldrar som likar å syngja og ynskjer å delta i gudstenestene. Det er både kjekt og sosialt å syngja saman, og nye og gamle songarar hjarteleg velkomen!

Koret øver i Vangskyrkja tysdagar kl. 18.30-20.00.

Kontaktperson: Gohar Marandyan, e-post: gm282@kyrkja.no



øver i Vangskyrkja onsdagar kl. 17.30-18.30.

Alle songglade born i alderen 4 år til og med 10 år er velkomne!

Kontaktperson: Åshild Bøe Kharazmi, e-post: ak649@kyrkja.no



øver i Vonheim torsdagar kl. 18.00-21.00.

Ungdom frå 13 til 20 år er hjarteleg velkomne! Kontaktperson: Ingrid Tønnesen, tlf. 480 31 200.



Illustrasjon: Kirsten M. B. S. Finch

«Eg lagrar mine data i skyen»

Kva er skylagring?

Tekst: Arne Mosefinn

Sky er tenester som vert levert over internett som du kan bruke for å køyre programvare eller lagre dataa dine. «Skyen» er datasentera som er godt vakta på og trygt plassert på bakken.

Til dømes har Microsoft millionar av serverar plassert i hundrevis av datasentera som er kopla saman via eit sikkert nett, og dette vert altså kalla «skyen». Nokre av desse sentera ligg også i Norge.

Å sende data frå seg ut i «skyen» kan høyrast litt skummelt ut. Heldigvis svevar ikkje dataa fritt rundt i atmosfæren, men er lagra i svært godt sikra, fysiske datasentera.

Samfunnet står overfor to store endringar: Digitaliseringa av nesten alt, i det som ofte blir kalla den fjerde industrielle revolusjonen – samt ei dreining mot fornybar energi, driven av klimakrisa og andre hendingar i verda.

Grønare datasentera?

Microsoft har inngått kraftavtalar i Irland for meir enn 900 megawatt med fornybar elektrisitet. Dei hevdar at alle datasentera i Irland vil vere fullforsynte med fornybar energi innan 2025. Innan 2050 har Microsoft plikta seg til å fjerna alle karbonutslepp selskapet har stått bak sidan det vart grunnlagt i 1975.

Datasenter kan spela ei avgjerande rolle i å nå desse måla. På innovative måtar har Microsoft demonstrert korleis datasenter kan spare straum, redusere utslepp – og til og med produsere straum.

I Finland vil t.d. overskotsvarme frå to nye datasenter føra til eit fjernvarmesystem som gjev oppvarming om vinteren til meir enn 250.000 menneske.

Spillvarmen som vert produsert i datasentera vert konvertert til fjernvarme, som forsyner Finland sin

nest største by Espoo og nabobyen Kauniainen, og Kirkkonummi kommune med fjernvarme gjennom eit system med isolerte røyr for oppvarmingstrong for bustader.

Kor klimafarleg er internett?

Datasenter står for 1 prosent av verdas energibruk, som vist ny studie.

Verdas datasenter brukar nesten ikkje meir straum enn dei gjorde for ti år sidan. Likevel må vi ta energibruken på alvor, ifølge norsk forskar.

Kvifor det? Jau, fordi AI har kome på banen. «High-performance computing» (HPC) har kome, og «Internet of Things» (IoT) spreier seg raskt. Alt dette gjer den digitale del av vår kvardag vert mykje meir viktig.

HPC og AI handlar begge om enorme rekneoppgåver og prosessering av store data-

mengder i høgt tempo. Dermed vil mykje av HPC- og AI-kapasiteten verta utbygt. Dette er i år på full fart inn i datasentera over heile kloden.

I tillegg skal mange, mange fleire selskap flytta ERP-system, OT-system og anna i skyen – altså i datasenter.

Auka datalagring og prosesseringsfart saman med fleire som brukar datasentera vil i tillegg krevja endå meir avanserte løysingar for avkjøling i datasentera.

Straumbbruk i datasenter har nesten stått stille

Datasentera og serverar brukar straum på å behandla, lagra, motta og senda alt av video, musikk, e-post og alt anna som vi gjer på nettet.

Forskarane konkluderer med at sjølv om nettaktiviteten var seks gonger så høg i 2018 som i 2010, så har straumforbruket i datasentera nesten ikkje auka i den



Nyhende frå Blånildalen

Tekst: Britt Hernes

Dali Dambe synoden i Blånildalen vart opna i april 2023. NMS støttar ulike prosjekt i denne synoden.

Misjonsarbeid

NMS stør eit prosjekt med mål om å nå ut med evangeliet til nye menneske, særleg i område med folkegruppa gumuz. Evangelistane til dette arbeidet bør vera godt førebudde. 23 unge frå Blånildalen fullførde eit disippeltreningskurs med godt resultat. I første omgang skal dei sendast ut til flyktningeleirar og menigheiter som grensar til Sudan.

Inntektsgjevande verksemd

For at synoden skal bli meir berekraftig, dyrkar tilsette og friviljuge ulike jordbruksprodukt. Produkta vert selde og inntekta går til synoden. Tiltaket er støtta av NMS.

Styrking av gumuz kultur og språk

Gumuz-folket har sin eigen kultur og språk. Lenge var oromo det dominerande språket i kyrkjelivet. Det har endra seg dei siste åra av di NMS har sett fokus på språket og kulturen til gumuz-folket. Det er også utdanna gumuz-prestar med støtte frå NMS. Difor vert gumuz brukt mykje



Desse fire unge kvinnene er stolte over å ha fått disippeltreningskurset og held stolte fram sertifikatet.

Foto: Bayeta Mekonen/NMS

meirigudstenestenesaman med oromo. No vert preikene haldne på baa språka.

Ungdomssenter

Ungdomssenteret som vart bygd i Kamashi med støtte frå NMS i 2012 er i god drift og vert brukt mykje. Biblioteket er i dagleg bruk. Senteret har matsal som også vert leigd ut saman med gjesteromma. Dei har også kafeteria og innspelingsstudio. Mange gumuz-songarar brukar studioet. Det gjer også musikarar frå Sør Sudan. Alt dette gjer at innteninga er betre enn venta. Straumtilførsla er usikker og det har gjeve problem. Myndighetene har lova betring i 2025.

Me ynskjer Guds signing over arbeidet i Blånildalen.

same tidsperioden. Det vil seia at datasentera står for totalt ein prosent av verda sitt straumforbruk.

Tala vil sjølvsagt vera heilt avhengig av om det er kolkraft eller fornybar energi som har forsynt datasentera med elektrisitet. Men utsleppa er uansett mykje lågare enn for flyindustrien.

Men det er også verdt å merka seg at ikkje alle utsleppa frå internett er med i dette reknestykket. For nettverka som sender dataa til og frå datasentera brukar også straum. Det same gjeld for datamaskinene, mobilane og TV-ane våre. Desse er ikkje inkludert i berekningane. Datasenter dedikert til kryptovaluta som bitcoin er heller ikkje med i studien.

Forskarane bak den nye studien åtvarar også om at nettbruken truleg berre vil halda fram å auka.

Straumbruk i datasenter i Norge

Det er usikre estimat for framtidig straumforbruk i datasenter i Norge. I fylgje ein rapport frå 2023 hadde datasenterbransjen ein installert kapasitet på 501 MW.

Av dette vart omlag 150MW utnytta, tilsvarande omlag 1 % av Norges kraftproduksjon. Etter ein prognose frå Norges Vassdrags- og

Energidirektorat ventar ein at denne utnyttinga vil auka til 1,9 % i 2028 og 5 % innan 2050.

Straumbruken i datasenter går til hovudsakleg to ting. Størsteparten går til sjølve IT-utstyret (serverane) der data skal lagrast, prosesserast og digitale tenester vert produserte. Den nest største delen går til kjøling av desse serverane. Når rad på rad med serverar jobbar 24 timar i døgnet vert det produsert varme. Då må ein kjøla ned disse serverane for å unngå at utstyret vert øydelagt. Kva for teknologi ein vel for kjøling eller om datasenteret er plassert i eit kjølig klima har mykje å seia for kor energieffektivt det er. Datasenter i Norge er mellom dei mest energieffektive i verda.

Bør den einskilde gjera noko?

Når datasentera sin del av energiforbruket i Norge går frå om lag 1 % til 5 % innan 2050 samtidig som det generelle straumforbruket vil auka, betyr det at det blir viktig at kvar og ein av oss tenkjer gjennom korleis vi brukar nettet!

Då er det også på høg tid å diskutera kven som brukar kor mykje av krafta i datasentera. Du og eg kan starta med å tenkja over det når vi lagrar ting i «skyen».

Opplysningane er henta frå: Computerworld, Microsoft, Forskning.no

 VOSS SPAREBANK BYGDA SIN BANK post@vossabanken.no 56520300	 myrkdalen.no	 Vekselbanken - ein god medspelar - Telefon 56 52 35 00 – med tilbod til liten og stor
Voss Bokhandel Vangsgata 27, 5700 Voss Tlf. 56 51 11 16	Me ordnar alt vedrørende dødsfall Sal og service av gravmonument - Formidling av blommar  Vinsands GRAVFERDSBYRÅ Telefon 56 51 11 94 www.vinsand.no	 KULTUR EVENT Lyd-, lysutleige Musikalste tenester, direksjon Arrangementsplanlegging post@kulturevent.no
 O.L.KYTHER AS entreprenør Melsvegen 7, 5710 Skulestadmo Tlf. 56 52 38 60	 Voss Energi -rein vossakraft!	Pianostemmer Voss På tide å stemme pianoet?  pianostemmervoss.no Tlf. 99 43 53 36
 UINJO	 KIWI mini pris Kiwi Vangen Tlf. 56 51 27 35	GRAVSTEIN Nye gravmonument, tilføyningar og oppussing – ta kontakt med:  Per Vinje – Tlf. 56 51 69 88 – 908 52 099
Nordhordland Begravellesbyrå AS  Ring oss på tlf. 56 37 14 10 eller sjå www.nordh-bb.no  KYRKJEVEGEN 1 5911 Alversund FREKHAUG: 5918 Frekhaug AVD. VAKSDAL: Tlf. 56 99 25 70 Me går saman med deg heile vegen	Di annonse her? Ta kontakt med Kyrkjekontoret på post.voss@kyrkja.no  VESTLAND TRAFIKKOPPLERING Førarkort eller oppfrisking 9100 3101 post@vestlandtrafikk.no UTTRÅGATA 36, 3. etg.	
Din røyrleggjar i sentrum  Snakk med Comfort Helge Nikolaisen A/S Installasjon - Service - Vedlikehald Velkommen i butikken!  Tlf. 56 51 26 28 Vangsgt. 4, 5700 Voss 	Voss bygg og landskap  Tlf. 474 42 514	 vått&vilt Padlekurs på Elv og Hav – Teambuilding www.vaattogvilt.no - Tlf 91374995
 VOSS MØBEL OG TREVAREVERKSTAD AS Skyvedørskarmer Loftstrapper Inspeksjonsluker  HMV HMV Maskin EIK Senteret Voss  EIK SENTERET Stolte tradisjonar, ny næring Regimentsvegen 14 5705 Voss +47 56 52 91 30 hmvvoss.no Verkstad og delelager		Di annonse her? Ta kontakt med Kyrkjekontoret på post.voss@kyrkja.no

Nye opningstider på kyrkjekontoret:

Måndag til fredag kl. 09.00-15.00,
onsdag kl. 12.00-15.00

Me er tilgjengelege på telefon:
Måndag til fredag kl. 10.00-14.00,
onsdag kl. 12.00-14.00.



Tilbod om samtale og sjelesorg

I kyrkja er det alltid rom for å kunna snakka om livet på godt og vondt. Prestar og diakonar har teieplikt og er her for deg.

Ta gjerne kontakt med ein av diakonane våre:
Sigrid D. Mala ☎ 47849134 ✉ sm435@kyrkja.no
Anja K. Slåtten ☎ 41704958 ✉ as257@kyrkja.no

Bladpengar Kyrkjenytt

Kyrkjenytt for Vossabygdene kjem ut som fulldistribusjon. Det betyr at det vert lagt i postkassene til alle husstandar i Voss herad. I 2025 vil det koma ut fire nummer.

Voss kyrkjelege fellesråd, saman med sokneråda i Evanger og Bolstad, Voss, Raundalen, Oppheim, Vinje og Granvin, står som utgjevar. Det kostar å gje ut eit blad (m.a. oppsett, trykking og utsending). Me ynskjer framleis at bladet skal koma ut i papir, og spør difor om du kan tenkja deg å støtta bladdrifta ved å betala bladpengar for 2025. Summen som er trykt på giroen (kr 300) kan både reduserast og aukast etter eige ynskje.

I staden for å stifta ein giro inn i bladet, vert giroen no trykt i sjølve bladet. Me vonar likevel det går greitt å ta bladet/giroen med i banken for dykk som ikkje nyttar nettbank.

Tusen takk for ditt bidrag til Kyrkjenytt! All økonomisk støtte, uansett storleik, kjem godt med i utgjevinga av bladet vårt.



Kvittering

Innbetalt til konto

3480 16 45293

Beløp

300,00

Betalerens kontonummer

Blankettnummer

6061156836

Betalingsinformasjon

Faktura 9081
Dato: 10.03.2025

GIRO

Betalingsfrist

05.05.2025

Underskrift ved girering

Betalt av

Mottakar av Kyrkjenytt

Betalt til

Voss kyrkjelege fellesråd
Postboks 49
5701 Voss

Belast
konto

Kvittering
tilbake

Kundeidentifikasjon (KID)

20039090814

Kroner

300

Øre

00 < >

Til konto

3480 16 45293

Blankettnummer

<6061156836>

Minne frå Kyrkjedagane 1997 i Trondheim

Kyrkjedagane vart halde kvart 4. år, med dei 2 siste i Fredrikstad i 1993 og i Trondheim i 1997.



Tekst: Knut Helge Hernes | Foto: Marian Florinel Condruz/Pexels

Aslak Helleve var då leiar i Voss sokneråd, og han og kona Sofie ordna med buss-reise for oss, og me fekk bu på ein folkehøgskule litt sør for Trondheim.

Det var mykje kjekt og nyttig å vera med på i kyrkjedagane. Eg minnest særleg eit foredrag av Erling Pettersen, som då var direktør i Kyrkjerådet, seinare vart han biskop i Stavanger. Han fortalde om pilegrimar og ymse tradisjonar for dei. Han sa mellom anna at når pilegrimen kom fram til

kyrkja eller katedralen, så skulle han gå 3 gonger rundt den, før han gjekk inn i den. Han skulle studera arkitekturen utvendes og prøva å ta til seg kva den kunne seia.

Så tok han Nidarosdomen som døme, og fortalde om den og Vestveggen i den. Nidarosdomen er til liks med dei aller fleste kyrkjene, bygd i retninga aust-vest, med det mest heilage i kyrkjamot aust, der ein meiner Gud er eller vil koma ifrå. Og i vest meinte ein at dei vonde maktene er.

Til vern mot dei vonde maktene sette ein i Vestveggen opp ei mengd med statuer over heilage og gode personar. Alle disipline står der, Olav den heilage, fleire biskopar, også frå land sør i Europa, og mange fleire. Den statuen som står øvst og som står litt lengre fram og ut, altså mot vest, er av Maria med Jesus-barnet på armen.

Dei som bygde katedralen og forma Vestveggen, meinte at det som må og skal stå fremst og øvst i striden mot det vonde, er symbolisert

ved noko av det mest sårbare me har, ei mor med det vesle barnetsitt. Mensom også er eit bilete på den sterkaste kjærleiken me kjenner til, den mellom ei mor og barnet hennar.

Så sterk og stor er Guds kjærleik til oss og verda, ja større, og med den skal Han og me sigrast over det vonde. Dei viste mykje, før i tida. Me veit det vel også, at Herren Gud er avmechtig og svak i verda, og at det er slik, og berre slik, han viser sin styrke og si kraft.



OPPSLAGSTAVLA



Sundagsskolen

Voss søndagsskule

25. mai kl. 11.00 i Vangskyrkja

Kontaktperson: Turid Fjose. Tlf 414 18 326

Bolstadøyri søndagsskule

6. april kl. 11.00

Kontaktperson: Anny Karin Forthun.

Tlf 481 36 520

Supertysdag

i Vonheim - for alle familier!

27. mai



Meir informasjon på Facebook-gruppa
«Supertysdag i Vonheim - føresettsgruppa»
Kontaktperson: Vetle Leksbo. Tlf 947 93 477



- DAGAR FRAMOVER

5. april :

Trylleshows med Ruben Gazki, for 7-, 8- og 9-åringane.

Granvin kyrkje (Granvin sokn) kl. 11.00.

Vinje kyrkje (Oppheim/Vinje sokn) kl. 14.00.

Vangskyrkja (Voss, Raundalen og Evanger og Bolstad sokn) kl. 17.00.

13. april:

Påskevandring i Evanger kyrkje for 7-, 8- og 9-åringane (Evanger og Bolstad sokn).

20. mai:

T14, Informasjonsmøte for neste års konfirmanter (Voss, Raundalen og Evanger og Bolstad sokn). Vangskyrkja, kl. 15.00.

24. mai:

T9 «Pilegrimsvandring» for 9-åringane (Oppheim og Vinje sokn).

T9 «På sporet av Heilag Olav» for 9-åringane (Voss, Raundalen sokn).

Kontaktperson:

Camilla Margareta Velsvik. Tlf 995 18 194

T1
T2
T3
T4
T5
T6
T7
T8
T9
T10
T11
T12
T13
T14
T15
T16
T17

VELKOMEN TIL

Fredagsklubb

i Kyrkjestova på Oppheim

4. - 6. klasse: 18 - 20

7. - 10. klasse: 20 - 22

4. april • 9. mai • 13. juni

Kontaktperson: Anja Kristin Slåtten.

Tlf 417 04 958

Bibel & Misjon



i Kyrkjetunet onsdagar kl. 19.00-21.00.

9. april: Korleis gir me trua vidare?

14. mai:

Kontaktperson: Inger Sigh Petersen.

Tlf 906 18 125

Sorggruppe

i Kyrkjetunet måndagar

kl. 18.00-20.00:

• 7. april

• 19. mai

Kontaktpersonar:

Sigrid Djukastein Mala. Tlf 478 49 134

Anja Kristin Slåtten. Tlf 417 04 958

Seniortreff

i Vonheim tysdagar

kl. 12.00-14.30

1. april: «I Kari sitt Amerika» av Kari Bye

6. mai: Frå eit musikaliv v/Lars Ragnvaldsen
Pris kr 150,-

Treng du skyss? Ring 478 49 134.

Kontaktperson: Sigrid D. Mala. Tlf 478 49 134



DØYPTE

Voss sokn:

10.11.2024 Embla Smines Horvei
Jens Jørgensen Høgheim
Ola Nestås Øydvinn
Synva Brunborg Askeland
24.11.2024 Jakob Gilbakken Lauritzen
Noah Haddal Hellevang
01.12.2024 Eivor Himle
Sofia Håland Tømmerås
08.12.2024 Johannes Brekke
25.12.2024 Olaf Ekrem Opheim
29.12.2024 Maria Hauge-Tengs
Sanna Himle
Markus Parman Hope
12.01.2025 Storm Mangerud Søgaard
19.01.2025 Ellinor Pettersen Bjerkelund
Selma Viveli-Elvik
26.01.2025 Teodor Mjøs Fenne
Hilde Tolley Olde
Oda Bidne Nygaard
Katrine Pettersen Hagen
09.02.2025 Lars Møen Aase
16.02.2025 Olivia Agnete Berge
Anemone Brekke Engeland
Vilde Time Laupsa
Sigrid Skjerve
Joar Øvsthus

Voss sokn:

23.02.2025 Sigrid Marie Nystad Grevle
09.03.2025 Vilja Øyeflaten Rio
Tuva Andersen Aarethun
Georg Nævdal Tønjum
Tevje Tuxen Lahlum

Vinje sokn:

10.11.2024 Henrik Dyrdal Hommedal
Aksel Edgetveit
Hallvard Hustavenes Midtbø
16.02.2025 Odin Nikolaj Gausereide Ramsøy
Mathias Øvsthus Tveite
Vilde Tveite Bidne

Granvin sokn:

24.11.2024 Ola Grevle Bakketeig
Alva Helena Grevle Bakketeig

Oppheim sokn:

17.11.2024 Johanna Sundsvoll Opedal

Evanger og Bolstad sokn

16.02.2025 Ariana Berge-Myrdal
09.03.2025 Ella Aurora Grønholt Heien

VIGDE

Voss sokn:

25.01.2025 Kristin Hefte og Agnar Bøthun

09.02.2025 Tone Lise Møen og Stein Ove Aase

VOSS SOKN SI GJEVARTENESTE

Ynskjer du å bidra litt ekstra til kyrkja sitt lokale arbeid på Voss?

Brenn du for musikk, diakoni eller ungdomsarbeid?

Du kan støtte arbeidet vårt ved å gje eit beløp til kyrkja si gjevarteneste.

Ingen beløp er for store, ingen beløp er for små. Me har endra konto for gåver.

Alle gåver må setjast inn på kontonummer 3480 30 84647.

Du kan òg sende pengar på VIPPS til 127376 (Vangskyrkja).

Hugs å merkje innbetalinga med kva du ynskjer at pengane skal gå til.

Helsing Voss sokneråd

DØDE

med kyrkjeleg gravferd/bisetjing

Voss sokn:

10.10.24	Jon Kvåle	1940
17.10.24	Kathrine Ringheim Tørnby	1978
20.10.24	Signy Brunsæl	1933
28.10.24	Harald Mala	1946
29.10.24	Trygve Refsdal	1937
04.11.24	Jenny Eide	1926
08.11.24	Ruth Haga	1928
15.11.24	Ingeborg Almeland	1932
20.11.24	Guro Midthun	1937
21.11.24	Andres Helleve	1937
25.11.24	Aaslaug H. Hansen	1934
25.11.24	Anders Bakketun	1937
25.11.24	Sigurd Herre	1943
27.11.24	Halldis Rogne	1929
02.12.24	Geir Nesheim	1955
03.12.24	Jostein Finne	1953
04.12.24	Gudleik Egdetveit	1949
17.12.24	Solveig Karin Farestveit	1970
21.12.24	Marta Haukanes Krempig	1942
22.12.24	Rudolf Antonius Maria Zwartjes	1934
23.12.24	Aslaug Magnhild Svane	1924
25.12.24	Eivind Hopland	1943
26.12.24	Elisabeth Hommedal	1924
26.12.24	Kristi Auth	1952
27.12.24	Sissel Hjørdis Solstad	1936
29.12.24	Brynhild Nestås	1939
29.12.24	Arve Oddmund Søgaard	1940
30.12.24	Lars Norevik	1953
31.12.24	Gunn Bjørg Bryn	1936
02.01.25	Magnar Lemme	1943
04.01.25	Brita Ullestad	1936
05.01.25	Alma Olava Sandal	1932
08.01.25	Brita Søfteland	1930
13.01.25	Borghild Nestås	1929
13.01.25	Astrid Nedkvitne	1934
15.01.25	Marta Sandvik	1934
15.01.25	Margit Alvilde Rio	1942
16.01.25	Ingebjørg Saue	1927
23.01.25	Linn Therese Helle	1984
26.01.25	Martha Kristine Saue	1938
28.01.25	Liv Tveit	1924
28.01.25	Jon Sleen	1940
03.02.25	Marie Karin Magnusson	1944
20.02.25	Elfrid Bjørgum Gjerald	1924
20.02.25	Synneva Opheim	1931
24.02.25	Nils Hernes	1934
24.02.25	Leif Heradstveit	1946

Raundalen sokn:

14.11.24	Margit Lemme	1931
14.01.25	Ingolf Kolve	1946
03.02.25	Hans Alfred Vestrheim	1944

Evanger og Bolstad sokn:

28.12.24	Åsmund Andreas Olsen	1948
27.01.25	Lars Ulvund	1943
27.02.25	Kjartan Rødland	1938

Oppheim sokn:

07.11.24	Steinar Sleen	1946
29.01.25	Gjertrud Aslaug Ure	1933
27.02.25	Alvhild Herheim	1944

Vinje sokn:

30.10.24	Sigurd Haga	1931
11.01.25	Sigrunn Midthun	1936
02.02.25	Guri Helena Dahle	1931
15.02.25	Hans Henry Dregelid	1958



Gravplass i Voss

SPØRSMÅL OG SVAR:

Kvar vender eg meg når eg skal planlegge ei gravferd?

Dei fleste nyttar eit gravferdsbyrå for å få hjelp til planlegging og gjennomføring av ei gravferd. Gravferdsbyråa kjenner til alt som må gjerast av papirarbeid og anna som kjem etter eit dødsfall. Du kan og ta kontakt med gravplassforvaltinga direkte, for å fastsette tid for gravlegging, finne grav eller få svar på spørsmål om graver og gravplass.

Gravplassforvaltinga deler kontor med prestar og organistar, så desse vert varsla raskt når tid og stad er bestemt. Om du tek kontakt med gravferdsbyrået fyrst, kan dei ta dialogen med gravplassforvaltinga om å fastsette tid for gravlegging og finne grav, så du ikkje treng å forhalda deg til så mange.

Gudstenesteliste

Dåp* = høve til dåp i denne gudstenesta

Evanger kyrkje:

05.04. kl. 22.00 **Rongahuset:** Pub-gudsteneste v/Kvamsøe.

13.04. kl. 11.00 Gudsteneste med Bornas påskevandring, dåp* og nattverd v/Kvamsøe.

17.05. kl. 12.30 Festgudsteneste

29.05. kl. 11.00 Konfirmasjonsgudsteneste med dåp* v/Kvamsøe.

Bolstadøyri bedehus:

27.04. kl. 11.00 Gudsteneste med dåp* og nattverd v/Hope.

17.05. kl. 10.30 Festgudsteneste

Oppheim kyrkje:

20.04. kl. 11.00 Påskedagsgudsteneste med dåp* og nattverd v/Skutlaberg.

11.05. kl. 11.00 Gudsteneste med dåp* og nattverd v/Øystese.

17.05. Festgudsteneste v/Thaule.

31.05. kl. 11.00 Konfirmasjonsgudsteneste v/Thaule.

Vinje kyrkje:

17.04. kl. 20.00 **Helgatun:** Nattverdsgudsteneste v/Thaule.

18.04. kl. 20.00 Påsken i ord og tonar v/Thaule.

27.04. kl. 11.00 Gudsteneste med dåp* og nattverd v/Skutlaberg.

17.05. Festgudsteneste v/Thaule.

25.05. kl. 20.00 Ung Messe v/Thaule.

Raundalskyrkja:

06.04. kl. 11.00 Gudsteneste med dåp* v/Øystese.

18.04. kl. 12.00 **Brekkestølen:** Påskeandakt v/Hellesøy.

20.04. kl. 10.00 **Mjølfjell kapell:** Påskedagsgudsteneste v/Øystese.

17.05. kl. 13.00 Festgudsteneste v/Hellesøy.

Vangskyrkja:

06.04. kl. 11.00 Familiegudsteneste med nattverd v/Leksbø.

13.04. kl. 11.00 Jazzmesse med nattverd v/Hellesøy.

17.04. kl. 19.00 Skjærtorsdagsgudsteneste med nattverd v/Leksbø.

18.04. kl. 11.00 Langfredagsgudsteneste v/Leksbø.

20.04. kl. 11.00 Høgtidsgudsteneste med dåp og nattverd v/Hellesøy.

20.04. kl. 11.00 **Hamlagrø bedehus:** Høgtidsgudsteneste.

21.04. kl. 19.00 Kveldsgudsteneste med dåp v/Leksbø.

26.04. kl. 11.00 **Prestegardslandet:** «Velkommen hjem»-Familieførestilling.

27.04. kl. 11.00 **Prestegardslandet:** «Velkommen hjem»-Familieførestilling.

03.05. kl. 10.00 Konfirmasjon v/Leksbø og Skjeldal.

03.05. kl. 12.00 Konfirmasjon v/Leksbø og Skjeldal.

04.05. kl. 10.00 Konfirmasjon v/Leksbø og Skjeldal.

04.05. kl. 12.00 Konfirmasjon v/Leksbø og Skjeldal.

10.05. kl. 10.00 Konfirmasjon v/Leksbø og Skjeldal.

10.05. kl. 12.00 Konfirmasjon v/Leksbø og Skjeldal.

11.05. kl. 11.00 Konfirmasjon v/Leksbø og Skjeldal.

17.05. kl. 11.00 Festgudsteneste v/Hellesøy.

18.05. kl. 11.00 Gudsteneste med dåp*.

25.05. kl. 11.00 Vossakyrkjemesse med nattverd. Søndagsskule.

29.05. kl. 11.00 Høgtidsgudsteneste med dåp og nattverd v/Vetle Leksbø.

01.06. kl. 11.00 Gudsteneste med dåp*

Granvin kyrkje:

06.04. kl. 11.00 Gudsteneste med dåp v/Ulvik.

17.04. kl. 18.00 Skjærtorsdagsgudsteneste med nattverd v/Ulvik.

20.04. kl. 14.00 **Mælandshagen:** Høgtidsgudsteneste med nattverd v/Ulvik.

02.05. kl. 18.00 Samtalegudsteneste med konfirmantane v/Ulvik.

04.05. kl. 13.00 Gudsteneste med dåp v/Nese.

11.05. kl. 11.00 Konfirmasjonsgudsteneste v/Ulvik.

17.05. kl. 11.00 Festgudsteneste.



Dåp kan bestillast via kyrkja si heimeside: www.voss.kyrkja.no.

Ver merksam på at det kan koma endringar på gudstenestelista!

Følg med i avisa Hordaland eller på www.voss.kyrkja.no.